



Sogn og Fjordane fylkeskommune

v/fylkesordfører Jenny Følling

Sogndal, 8. oktober 2018

### TV-AKSJONEN NRK; KIRKENS BYMISJON 2018 - OPPMODING TIL BIDRAG

Fyrst og fremst vil eg takke Sogn og Fjordane fylkeskommune for støtta til TV-aksjonen i fjor, kr. 70 000.

Samarbeid mellom fylkeskommunen har ein lang tradisjon og er heilt avgjerande i mobiliseringa av innbyggjarane til bøssebæring på aksjonsdagen 21. oktober. Over 98 % av Noreg sine kommunar og fylke bidrog til TV-aksjonen i fjor. Eg håper at Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gje eit pengebidrag til TV-aksjonen NRK Kirkens Bymisjon 2018.

Håper de blir inspirert av Årdal kommune som dobla støtta i år. TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon sitt arbeid for å skape eit varmare og meir inkluderande samfunn.

Med årets TV-aksjon kan Kirkens Bymisjon skape møte som endrar liv. Ved å opne dører og legge til rette for at fleire møtast, skal vi vise kvifor årets TV-aksjon er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor eit nytt fellesskap, ei seng, eller ei samtale og slik bidra til at fleire får moglegheit til å oppnå eigne mål og draumar. Pengane som samlast inn skal skape 700 000 møter mellom menneske.

Slik kan du bidra enkelt:

For å synleggjere det breie engasjementet frå alle fylkeskommunar i landet blir alle bidrag registrert på [www.giverstafett.no](http://www.giverstafett.no). Når bidraget er registrert, blir faktura sendt direkte på e-post.

Registrerte og innbetalte beløp vil bli ein del av statistikken på aksjonsdagen.

Merk innbetalinga med fylkeskommunen sitt namn og postnummer. Informasjon om gitt beløp sendast til fylkesaksjonsleiar så tidleg som mogleg før aksjonsdagen 21.oktober. Beløpet må vere innbetalt innan **onsdag 17. oktober** for å sikre at beløpet vert med på oversikta på TV-aksjonssendinga.

Venleg helsing

Oddrun Midtbø  
Fylkesaksjonsleiar

958 61 776, sognogfjordane@tvaksjonen.no